Tett program for Kulturminneåret 2009

01.04.2009

Kultursjef Kristian Bringedal kan presentera eit tett program for Kulturminneåret 2009. Her overrekker han Målblomen 2009 til Knut Johannes Helvik i Gamleskulen i Uskedalen tidlegare denne veka. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Kultursjef Kristian Bringedal har lagt fram eit tett program for Kulturminneåret 2009, som har kulturminne i dagleglivet som tema. Også Uskedalen har ein betydeleg plass i programmet.

Bringedal minner om at Kulturminneåret 1997 hadde ein svært høg aktivitet og mange gode innslag. Kvar bygd og krins valde sitt kulturminne og til slutt vart strandstaden Sunde kåra som kommunalt kulturminne.

Sunde vil i år bli henta fram att og vidareført, spesielt i samband med ein kystkulturdag der. Den vil bli avvikla 6. juni.

I Uskedalen er Bøkkerkvelden på Rød lagt til 27. juni og friluftsdagen på Fjellandsbø 16. august. Museumsdagen på Bygdetunet Rød med fotovern som tema blir 23. august og på Haugland skulemuseum vil ein få oppleva 'Ein skuledag i gamle dagar' som eit innslag i konfirmantjubileet 26. september.

Frå ei fyldig tiltaksliste plukkar vi også Haugland skulemuseum under rubrikken 'skilting/tilgjenge' som enno ikkje har fått si løysing.
Forprosjektet til Uskedalen som besøksmål til Folgefonna Nasjonalpark, som Bringedal no arbeidar med, er å finna på lista.
Det er også Olsen motorsamling, under 'teknisk/industrielle kulturminne' og Kapteinsgarden under 'freda hus og anlegg'.
For desse anlegga skal det lagast ein statusrapport i samarbeid med bygningsvernkonsulenten i Sunnhordland.

Av Ola Matti Mathisen